



Jobbnorge-ID: 115273

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Stipendiat i medisinsk fysikk/kjernefysikk

Ved Institutt for fysikk og teknologi (www.uib.no/ift) er det ledig ei stilling som stipendiat i medisinsk fysikk/kjernefysikk. Stillinga er finansiert av Bergens forskningsstiftelse og Universitetet i Bergen under prosjektet «3D microdosimetry and studies of the Relative Biological Effectiveness (RBE) in proton- and carbon ion therapy».

Stipendiatstillinga er for ein åremålsperiode på 3 år. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det gjerast frådrag i tilsetjingsperioden.

Prosjektet/arbeidsoppgåver

Gruppa for eksperimentell kjernefysikk jobbar med blant anna medisinsk fysikk relatert til stråleterapi mot kreft med proton og tyngre ion (partikkelterapi). Gruppa jobbar med detektorutvikling, eksperimentelle dosemålingar (dosimetri), og med modelleringsverktøy (Monte Carlo simuleringar og kliniske doseplansystem). Gruppa arbeider tett saman med seksjon for medisinsk fysikk ved Haukeland universitetssjukehus.

Stipendiaten vil arbeide i eit eksisterande prosjekt med mikrodosimetri for partikkelterapi som tema. Formålet med mikrodosimetri er å studere doseavsetjing på cellenivå, altså å måle dose med svært høg romleg oppløysing. Bakgrunnen for dette er at den relative biologiske effekten (RBE) av stråling vil vere avhengig av dosefordelinga på mikronivå. Prosjektet er fokusert på ein ny type silisiumbasert strålingsdetektor for mikrodosimetri. Stipendiaten sitt hovudfokus vil vere å studere variasjonen i RBE gjennom modellering/simulering av mikrodosimetriske størrelsar og eksperimentelle målingar med silisiumsdetektoren i strålelinjer for partikkelterapi.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i fysikk, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Søkjarar må kunne kommunisere med ansatte og medstudentar, så vel som med industrielle partnarar
- Søkjarar må kunne nytte engelsk skriftleg og munnleg
- Søkjarar må ha kunnskap om strålingsfysikk, medisinsk fysikk og programmering
- Erfaring frå partikkelterapi, Monte Carlo simuleringar, strålebiologi og eksperimentelt arbeid med dosemålingar vil vere ein fordel

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.-grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan tre månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du fyller krava for opptak til ph.d.-studiet ved Universitetet i Bergen.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 50 i statens regulativ (kode 1017) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: www.uib.no/poa/karriere-ved-uib

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve
- CV
- karakterutskrifter og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- relevante attestar
- eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastas opp i Jobbnorge. Søkjar må i tillegg legge ved NOKUT si generelle godkjenning av at utdanninga samsvarar med norsk mastergrad.

For meir informasjon om godkjenning av høgare utdanning, sjå www.nokut.no.

Søknad sendt på e-post vert ikkje vurdert.

Søknadsfrist: 5. Juli 2015

Generell informasjon

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å kontakte forskar Kristian Smeland Ytre-Hauge, Institutt for fysikk og teknologi, tlf. 55 58 27 81, e-post kristian.ytre-hauge@uib.no.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetning og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvolter.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: